



Anne Irene Monstad  
Fiskeseth 63  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2718 - 15/27568

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.08.2015

## Løyve til tiltak uten ansvarsrett gbnr 161/3 - oppføring av driftsbygning

**Administrativt vedtak. Saknr: 358/15**

**Tiltakshavar:** Anne Irene Monstad

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av frittliggjande reiskapshus med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 178,4 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 190 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og støttemurar i samband med oppføring av reiskapshuset.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.07.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.07.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 24.07.15.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Det ligg føre uttale frå Landbrukseininga datert 27.03.15 som stadfetar at det er drift på garden.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan dagsett 03.07.15.

Minste avstand til nabogrense er i kommunen sitt kartsystem Gemini målt til om lag 48 meter. Avstand til offentlig veg er i Gemini målt til å vere over 50 meter.

Tiltakshavar har i brev datert 30.06.15 erklært at tiltaket ikkje overstig høgda på driftsbyggningen som ligg attmed. Grunnmur for tiltaket vil ligge på ca. same kote som denne, eksisterande driftsbygning har mønehøgde på om lag kote 73,6 moh.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det skal ikkje installerast vatn/toalett i tiltaket.

#### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Tiltaket fører ikkje til auka bruk av eksisterande avkjørsle.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av reiskapsbygg. Fasadeteikning viser nytt terreng mot sørvest. Orthofoto frå 2009 syner at området til dels er planert ut til kote 67 moh. Møne på tiltaket er på snitteikning vist til å være 6,7 meter.

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### VURDERING:

##### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

##### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 b vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av reiskapshus med bruksareal på 178,4 m<sup>2</sup> på eigedom gbnr. 161/3. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

2. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan dagsett 03.07.15 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
3. Faktisk plassering av tiltaket skal målast inn.
4. Oppdatert situasjonsplan samt koordinatar som syner plassering av tiltaket skal sendast kommunen seinast ved søknad om mellombelsbruksløyve/ferdigattest.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2718

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### Ferdigstilling

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:*

- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
6.1	Kartbasis	1*500,-	Kr. 500,-
10.3.1	Basisgebyr – oppføring av driftsbygning	1*6.000,-	Kr. 6.000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 6.500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Anne Irene Monstad

Fiskeseth 63

5912

SEIM